

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
078/14	Formannskapet	PS	09.04.2014
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Torleiv Frotjold	FA - A10, TI - &00	14/577

Endring i bemanningskabal for barnehagane

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vil frå hausten 2014 auke tida pedagogane i barnehagane er til stades på avdelinga med 1,5 time pr. dag. For å få dette til, må ein justere slik:

- Utjevne tilgjengelege ressursar mellom barnehagane innanfor 2014 budsjettet. Dette inneber å overføre ein stillingsressurs på 60% frå Kaland barnehage til Austrheim kystbarnehage (AKB).
- Tilføre kr. 42.000 til AKB sitt lønsbudsjett for 2014.
- Tilføre ein permanent auke på lønsbudsjetta f.o.m. 2015, som tilsvrar fast ordning av dei justeringane som blir gjort i punkta ovanfor.

Dette utgjer ei ekstra løvving på 2015 – budsjettet for barnehagane i høve til 2014 på kr. 101.000.

Formannskapet - 078/14

FS - behandling:

Framlegg frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn:

Saka vert utsett.

Framlegget frå Krf v/ Helge Dyrkolbotn vart samråystes vedteke

FS - vedtak:

Saka vert utsett.

Saksopplysninger:

I marsmøtet med styrarane i barnehagane vart det tatt opp at kommunen har auka kapasitet i barnehagane, samtidig som opningstida pr. dag har auka. Dette har ikkje medført endring i bemanningskabalen. Styrarane skriv følgjande:

«Dagsplan i barnehagane:

Måndag - torsdag

Kl	Tal born/plassar	Tal personale	Kva skjer
07.15	8-10	1	Berre ei avdeling opnar
07.30	24	2	Tidlegvakter kjem
09.00	24	3	Fagarbeidar som har seinvakt kjem
09.45	24	4	Pedagog som har seinvakt kjem
12.00	24	2	Tidlegvakter går på pause + «vaktskifte»
12.40	24	2	Seinvakter går på pause
13.15	24	4	Pausane er ferdige og personale er tilbake på avdeling
14.15	24	3	Pedleiar på tidlegvakt går heim
15.00	24	2	Fagarbeidar på tidlegvakt går heim
16.30	24	2	Barnehagen stengjer

Timar der alle er på jobb: $09.45 - 12.00 = 2,25 \text{ t}$ + $13.15 - 14.15 = 1 \text{ t}$ - Totalt: $3,25 \text{ t}$

Fredag

Kl	Tal born/plassar	Tal personale	Kva skjer
07.15	8	1	Berre ei avdeling opnar
07.30	24	2	Tidlegvakter kjem
09.00	24	3	Fagarbeidar som har seinvakt kjem
10.00	24	4	Pedagog som har seinvakt kjem
12.00	24	2	Tidlegvakter går på pause + «vaktskifte»

12.40	24	2	Seinvakter går på pause
13.15	24	4	Pausane er ferdige og personale er tilbake på avdeling
14.00	24	3	Pedleiar på tidlegvakt går heim
15.00	24	2	Fagarbeidar på tidlegvakt går heim
16.30	24	2	Barnehagen stengjer

Timar der alle er på jobb: $10.00 - 12.00 = 2,0 \text{ t} + 13.15 - 14.00 = 0,75 \text{ t}$ - Totalt: $2,75 \text{ t}$

Heile personalet på avdeling pr veke: 15,75 timer av totalt 46,25 timer

Vi har den same bemanninga i dag som vi hadde då Årås barnehage hadde då han opna i august 1978.

Då den første barnehagen i Austrheim opna i 1978 hadde vi 16, og seinare 18 barn pr avdeling. Av desse var det 6 som hadde 6-timarsdag. Opningstida var 08.00 til 16.00, altså 8 timer pr dag. Bemanninga var 3 heile stillingar pr. 18 barn. Det var ikkje tilbod til born under 3 år. Pedagogane hadde 4 timer pr. veke til planleggingsarbeid. Det var ikkje krav om å lage årsplan eller krav til pedagogisk dokumentasjon, og det var ingen born med anna morsmål enn norsk. Det fanst ikkje ein Rammeplan for barnehagen som sette krav eller gav samfunnsmandat. Det var ikkje aktuelt å ta inn fleire born enn det var plassar til og heller ikkje aktuelt å ha fleire enn 12 barn på full tid.

I 2014 har vi og 3 heile stillingar pr. 18 barn/plassar. Opningstida er 9,25 timer pr dag. Alle borna har 9-timarstilbod. Vi gjev tilbod til born frå 1 år, og har hatt eit mål om at alle som søker skal få plass. Pedagogane har 4 timer pr. veke til planleggingsarbeid. Det er lovfesta krav om å lage årsplan. Vi har fått ein rammeplan som har gjeve oss samfunnsmandat og som seier svært mykje om oppgåvene våre. Det er krav til rapportering og til pedagogisk dokumentasjon, og vi skal ha kunnskap om kvart enkelt barn si utvikling på alle felt. Vi skal også tilby minimum 2 foreldresamtalar pr år til alle foreldre. Og sist, men ikkje minst, vi har fått ganske mange born og foreldre med anna morsmål enn norsk.

Skjemaet syner at barnehagen er fullt bemanna vel 3 timer av den totale opningstida pr. dag i snitt.

I løpet av ei veke må det og gjennomførast ein del arbeidsoppgåver og møter som reduserer denne tida ytterlegare:

- Det er møte for pedagogane 1 time pr veke.
- For å unngå for mykje overtid er det ynskjeleg å gjennomføre ein del foreldresamtalar i arbeidstida
- Vi har matvarelevering ein gong pr veke. Då går det minimum 1 time for ein av dei tilsette å få alle varene på plass.
- Vi serverer 3 måltid pr dag. Det tek ein del tid både med tillaging og opprydding
- Kaland barnehage går i basseng med borna. Då går ein voksen med 1-2 barn 1 time pr veke
- Kystbarnehagen tek borna med i båt, men talet barn pr voksen er då mindre enn 6.
- Rydding av garderober og stellerom + feiring av alle golv tek tida kvar dag
- Samarbeidsmøter med PPT og andre instansar må og gjennomførast i arbeidstida»

Vidare skriv dei:

«Vi ynskjer å auke bemanninga i begge barnehagane slik at pedagogane kan ta planleggingstida si samla ein gong pr veke. For å få dette til må/bør vi ha ein person som går inn på avdelinga i denne tida. Dette vil bety at pedagogane jobbar 7,5 timer på avdeling dei dagane dei ikkje har planlegging, og vi vil ha full bemanning større deler av dagen. Dette vil gje auka kvalitet på tilbodet til born og foreldre, og det vil gjere dagen lettare for assistenter og fagarbeidarar, då dei slepp å ha så mange timer åleine på avdeling. På sikt vil ein kunne redusere sjukefråværet og få auka trivsel i arbeidet.

Kaland barnehage har dette året klart å organisere tiltaket som ei prøveordning for eit par av pedagogane, og tilbakemeldingane er udelt positive frå alle partar.

Då satsinga på kvalitet står svært høgt hjå sentrale styresmakter, vil dette vere eit godt steg i riktig retning.

Dette er og eit viktig tiltak for å få folk til å stå lengre i jobb; ein slepp planlegging på helger og kveldar og får ei meir ordna arbeidstid.»

Vurdering

Vi har til saman 18 pedagogar i barnehagane Austrheim. 6 i Kaland bhg og 12 i AKB. Detter er viktig kompetanse med tanke på tidleg innsats og det å foredle «startpakken» som barna skal ha med seg til skulestart. Det synest fornuftig å gjere nokre grep for å auka den tida pedagogane faktisk er til stades i barnehagen.

Noko av tida kan dekkjast inn gjennom eksisterande styrkingstiltak. Det er snakk om følgjande auke:

- Kaland: 6 pedagogar permanent auke på 40%
- AKB: 12 pedagogar permanent auke på 80%

Dette kan finansierast slik:

Hausten 2014: Reduksjon i bemanninga på Kaland vert ikkje gjennomført fullt ut; reduserer med 160% stilling i staden for 200%. Kaland kan finansiere dette innafor dei ressursane dei rår over. I tillegg kan Kaland overføre 60% stilling til AKB. Då gjenstår det å tilføre AKB 20 % stilling. Det vil medføre ein auke i lønsbudsjettet f.o.m. august 2012 på kr. 42.000.

For 2015 utgjer auken i høve til dagens budsjett kr. 101.000.

Dette vil rette opp noko av den utviklinga vi har hatt i barnehagane i åra 1978 fram til i dag, og gi rom for å handtere dei meiroppgåvene som moderne barnehagedrift krev.

Konklusjon

Barnehagane treng å auke bemanninga noko for å kunne utnytte pedagogressursane i samsvar med stillingsstorleikane og føremåla med stillingane. Målet er å auke tida pedagogane er til stades på avdelinga med 1,5 time pr. dag. For å få dette til, må ein justere slik:

- Utjevne tilgjengelege ressursar mellom barnehagane innafor 2014 budsjettet
- Tilføre kr. 42.000 til AKB sitt lønsbudsjett for 2014 – tilsvarer 20% stilling.
- Tilføre ein permanent auke på lønsbudsjetta f.o.m. 2015, som tilsvrar fast ordning av dei justeringane som blir gjort i punkta ovanfor.

Dette utgjer ei ekstra løyving på 2015 – budsjettet for barnehagane i høve til 2014 på kr. 101.000.

Dette vil føre til at alle tilsette i Asustrheim kommune sine barnehagar er på jobb mellom kl. 09.00 om morgonen og kl. 15.00. Ei klart betre arbeidsfordeling, mindre stress og lågare sjukefråvær vil vere resultatet av dette. Eit anna viktig resultat av ei slik justering vil vere at kvaliteten på tilbodet som barna får blir betre gjennom betre plassering av pedagogane si arbeidstid. Særleg vil dette gjelde tidleg innsats m.o.t. å meistre/utvikle språk, og å utvikle gode sosiale ferdigheter.